

## • EU

EU meiner EU-fartøy må få fiske **snøkrabbe** utanfor Svalbard. Norske styresmakter har eit anna syn på saka, men er åleine om si tolking av jussen, seier juss-professor.

# EU krev krabbefiske

Snøkrabben, som dei siste åra har spreidd seg utover i Barentshavet, inkludert rundt Svalbard, kan no skapar no problem i forholdet mellom Noreg og EU.

Den rundt ti centimeter i diameter store skapnaden er spådd å verte ei inntektsbringande eksportvare for Noreg.

Norske styresmakter har innført mellombels forbod mot fiske, til dei har fått på plass eit forvaltingsregime for snøkrabben. Det er likevel opna for dispensasjon for til saman 50 norske fartøy.

EU meiner forskjellsbehandling av norske og utanlandske fartøy er i strid med Svalbardtraktaten og har i brev til norske styresmakter kravd at EU-fartøy også skal få fiske i havområdet rundt Svalbard. Fredag melde NRK at EU-kommisjonen trassar Noreg og sjølv har gjeve fleire EU-fartøy løyve til å fiske i området.

Samstundes vurderer også EF-TAs overvåkingsorgan ESA om det skal opnast sak mot Noreg, etter klage frå Litauen. Klagaren meiner forskjellsbehandlinga av norske fartøy og fartøy frå EU-land er brot på dei grunnleggjande prinsippa for EØS-avtalen.

### – Ikkje omfatta av EØS

Professor Finn Arnesen, som leiar Senter for europarett ved Universitetet i Oslo, trur ikkje klaga frå Litauen fører fram.

– Snøkrabbe er ikkje blant produkta som er omfatta av EØS-avtalen, så spørsmålet har ikkje noko i ESA å gjere. Det finst også to dommar frå EFTA-domstolen som er heilt tydelege på at EØS-avtalen ikkje skal gjelde slike varer, seier han.

Fiskeriminister Per Sandberg (Frp) seier klagaren ikkje er oppdatert på rettstilstanden.



### Utanfor

«Fiskeriforvaltninga er ikkje ein del av EØS-avtalen.»

Per Sandberg (Frp), fiskeriminister

– Fiskeriforvaltninga er ikkje ein del av EØS-avtalen, seier han.

Sandberg seier kyststatar har suverene rettar over kontinentalsokkelen med tanke på utforsking og utnytting av ressursene, inkludert snøkrabbe.

– Dette inneber at andre statar ikkje kan hauste snøkrabbe i Barentshavet utan eksplisitt samtykke frå den relevante kyststaten, Noreg eller Russland. Hausting av snøkrabbe på norsk kontinentalsokkel er forbode med mindre det er gjeve dispensasjon, seier han.

– Det er berre norske fartøy som kan få dispensasjon fordi det klare utgangspunktet er at berre norske fartøy kan delta i ervervs-messig fiske og fangst i norsk jurisdiksjonsområde, med mindre norske styresmakter har inngått avtale med andre statar, seier Sandberg.

### Noreg står åleine

Geir Ulfstein, som er professor i offentlig rett ved Universitetet i Oslo, og Harald Sakarias Hansen, som er stipendiat ved Fridtjof Nansen Institutt, trur likevel kravet frå EU om likebehandling etter Svalbardtraktaten kan verte utfordrande for Noreg. Noreg står nemleg åleine i si tolking av gyldigheitsområde for traktaten.

Traktaten frå 1920, som i dagar signert av over 40 land, slår fast at borgarar frå alle traktatland har lik rett til å drive næringsverksemd, jakt og fiske på Svalbard. Norsk tolking er at traktaten og likebehandlingsbestemmingane gjeld på land og i territorialfarvatna til Svalbard, som er ut til 12 nautiske mil – som svarar til litt over 22 kilometer – men ikkje på sokkelen utanfor, som er norsk.

I EUs brev til Noreg, går det fram at EU meiner traktaten også gjeld sokkelen rundt Svalbard og dermed inkluderer fiske etter botnfaste artar som snøkrabbe.

– Ingen land har hittil støtta Noregs syn på saka. Nokre har protestert mot Noreg, andre har reservert seg, seier Ulfstein, som konstaterer at «her er det nokre rettslege vanskar».

### – Finst ingen praksis

Usemjå om Svalbardtraktaten har tidlegare kome til syne i spørsmål om fiskeriresursar. Sjølv om Noreg prinsipielt hevdar retten til

### Fakta

#### Snøkrabbestriden

• I desember 2014 innførte Noreg generelt forbod mot fiske etter snøkrabbe i norsk sjøterritorium og indre farvatn og på den norske kontinentalsokkelen. For norske fartøy gjeld forbodet også i internasjonalt farvatn. Forbodet skal gjelde til det er utarbeidd ein heilskapleg forvaltingsplan for snøkrabbe.

• Det vart opna for dispensasjon for fartøy med såkalla ervervs-løyve etter deltakerloven for fangst utanfor territorialfarvatnet. Slik dispensasjon er i dag gitt til 50 norske fartøy.

• I juli 2015 vart norske og russiske styresmakter samde om å definere snøkrabben som ein såkalla botnfaste art. Det inneber at han vert underlagt eit anna forvaltingsregime enn fisk.

• En litauisk skipper vart i fjor arrestert for snøkrabbefiske på norsk side i Smuttholet.

• EU sende i haust brev til norske styresmakter med krav om at EU-fartøy må få fiske snøkrabbe ved Svalbard.

• ESA vurderer også om det skal opnast sak mot Noreg etter klage frå Litauen.

• Nyleg vart eit latvisk fartøy teke for ulovleg fiske av snøkrabbe på norsk sokkel, i nærleiken av Svalbard.

Kjelde: Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet, NRK, NTB, regjeringen.no

å kunne forby andre nasjonar å fiske i den såkalla fiskevernsona, som går ut til 200 nautiske mil rundt øygruppa, vert det ikkje forskjellshandsama mellom land her. Høve til å fiske er fastsett på grunnlag av kven som tradisjonelt har fiska i områda.

Det nye er at usemjå no handlar om ressursar på kontinentalsokkelen, og om ein heilt ny art det ikkje finst tradisjonelle rettar til.

– Det er ingen praksis for kva som skjer når det kjem inn ein ny art, seier Hansen.

Eva Aalberg Undheim  
eva.undheim@nationen.no



## Snøkrabben kan gi verdi

Havforskningsinstituttet anslår at det kan fangast **snøkrabbe i Barentshavet til verdier på mellom 1,5 og 6 milliardar årleg. Korleis arten vert handtert rundt Svalbard, kan også få betydning for olje og gass.**

Snøkrabben har spreidd seg frå aust til vest i Barentshavet på få år og er no på veg inn i området ved Svalbard. Det seier forskingsgruppeleiar Carsten Hvingel ved Havforskningsinstituttet.

– I norsk sone har vi enno berre sett dei fyrste bølgiene, men vi ventar at snøkrabben framover

kjem til å spreie seg rundt Svalbard, seier han.

Instituttet har tidlegare gjort utrekingar som tilseier at det kan fangast mellom 50.000 og 150.000 tonn snøkrabbe i Barentshavet på årsbasis når bestanden av snøkrabbe i er ferdig utvikla. Det kan vere tilfellet om ti års tid, ifølgje Hvingel.

– Dersom vi kan vente ein kilopris på 25–30 kroner kiloet, så kjem vi opp i ein verdi på mellom 1,5 til 6 milliardar kroner årleg.

### Nr to, etter torsken

Havforskningsinstituttet jobbar no med nye analysar av utbrei-



**Liten krabbe kan få stor betydning:** Snøkrabben, som no spreier seg utover heile Barentshavet, inkludert rundt Svalbard, kan no skape problem i forholdet mellom Noreg og EU. Bilete er frå ein av SINTEF sine forskningstoktar med eit norsk fartøy som driv norsk snøkrabbefiske.

Foto: Leonore Olsen, SINTEF

## Nei til EU: – Saka uroar

**Nei til EU-leiar Kathrine Kleveland forventar at norske styresmakter held fast på at Noreg har suverenitet rundt Svalbard og på sokkelen.**

Noreg er klaga inn for EFTAs overvakingsorgan ESA som følgje av at fartøy frå EU ikkje får tilgang til å fiske snøkrabbe i norsk sone, særleg i fiskevernszona rundt Svalbard og på norsk kontinentalsokkel.

Klagaren meiner Noreg, ved å gi dispensasjon mot forbodet mot snøkrabbefiske berre til norske fartøy, bryt med dei grunnleggjande prinsippa i EØS-avtalen.

Saka uroar Nei til EU.

– Dette har med norske naturressursar å gjere. Fisk skal vere utanfor EØS-avtalen, det er hovudregelen. Vi er ikkje ein del av EUs fiskeripolitikk og EØS-avtalen omfattar ikkje kontinentalsokkelen, seier Nei til EU-leiar Kathrine Kleveland.

### Fryktar følgjer

Kleveland forventar at norske styresmakter held fast på kravet om at Noreg har suverenitet på sokkelen og rundt Svalbard.

– Kva skjer om kontinentalsokkelen kjem inn i avtalen, kva då med rettane til olje og gass, spør ho retorisk.

Klaga til ESA vart sendt i september, og det er ikkje enno klart om ESA kjem til å opne sak mot Noreg.

Kleveland meiner saka likevel illustrerer at EØS-avtalen får konsekvensar på stadig nye felt.

– Det dreier seg om at EØS-avtalen som ein dynamisk avtale har synt seg å skli ut meir og meir. Vi må halde fast ved den nasjonale råderetten som vart føresett då Noreg inngjekk EØS-avtalen, seier ho.

## ar på milliardar av kroner årleg

inga og omfanget av snøkrabbebestanden. Dei kjem til å verte lagde fram neste veke.

– Dersom alle analysane våre held tritt og vi kan fiske berekraftig på snøkrabben, så har vi kome til at snøkrabben i kroner og øre kan verte det nest viktigaste fisket i Barentshavet totalt sett. Etter torsken, men større enn silda, seier Hvingel.

Forskar Ann Merete Hjelset Havforskningsinstituttet seier det meste av snøkrabben fiska i Barentshavet så langt er teken i russisk sone av Smuttholet, men at fisket dei siste åra har auka også på norsk side.

– Data frå Noregs råfisklag syner at det i 2016 vart landa 10.000 tonn snøkrabbe i norske hamner, seier ho.

Ifølgje Noregs sjømatråd eksporterte Noreg i 2016 snøkrab-

bar for 338 millionar kroner. Det er ein auke på 74 prosent frå 2015.

### Kan få stor betydning

Noreg innførte i 2014 mellombels forbod mot fiske etter snøkrabbe,

### Nest viktigaste

«Snøkrabben i kroner og øre kan verte det nest viktigaste fisket i Barentshavet.»

Carsten Hvingel,  
Havforskningsinstituttet



til eit forvaltingsregime for arten er på plass. Det er likevel opna for dispensasjon for til saman 50 norske fartøy. No møter Noreg derimot krav frå EU om at også EU-fartøy må få fiske etter krabben i områda rundt Svalbard.

Måten spørsmålet vert handtert på, kan få betydning også for framtidige spørsmål om utvinning av olje og gass. Det seier Geir Ulfstein, som er professor i offentlig rett ved Universitetet i Oslo, og Harald Sakarias Hansen, som er stipendiat ved Fridtjof Nansen Institutt

– Rettane over sjøkrabben følgjer av kontinentalsokkelregla-

ne. Det er same reglane som gjeld for oljeverksemd, seier Ulfstein.

– Det er snakk om svært store verdiar, og difor er nok Noreg svært forsiktig med å føreta seg noko i saka, seier Hansen.

Han trur også norske styresmakter kjem til å gjere det dei kan for å hindre usemja med EU i å ende i ein domstol.

– Sjølv om Noreg er ganske sikre i eiga sak og i argument, så er risikoen ved ei rettssak stor. Det står om så store verdiar, at dei nok vil prøve å tilfredsstille EU og dei europeiske fiskarane på eitt eller anna vis, utan å gå til domstol, seier Hansen.